



Olav Arne Ljosnes er sentral i boka til Kristian Hus.

Olav Arne Ljosnes frå Uskedalen er ein av 35 godt vaksne personar som er intervjuet i boka Frå heim til heim - blick på eldreomsorga i Kvinnherad av Kristian Hus. Frå ingressen les vi at MS sjuke Olav Arne har budd på Ølve alderspensjonat sidan 2008. Her vil han helst bu med god utsikt frå rommet sitt til snøklede Manen, Englafjell og Ulvanoso i Uskedalen.



[Frå heim til heim](#) er ein oppføljar av boka [Godt vaksen](#), bestseljar i 2015.

Vi kjenner godt Olav Arne som bilmekanikar og sjøfør, alltid like blid og pratsam i møte med folk i heile kommunen. På renovasjonsbilen vart han godt kjend i alle bygder, også i Ølve. Møte med folk og stopp i krikar og krokur sit fast i minne. Olav Arne fortel ope om sjukdomen sin og korleis det heile har utvikla seg frå han oppdaga at noko var gale i 1990 til diagnosen var klar to år etter. Han hadde Multippel sklerose. Sjukdomen er stabil i dag. Tanken er klår og han har mykje å fortelja og minnast frå oppveksten og vaksne år, mellom anna frå hjortejakta i Ljosneslia kvar haust før han vart sjuk.

Boka *Frå heim til heim* er ei reise frå ein type heim til ein annan, ved å vera innoom alle alders- og sjukeheimane våre. Boka er oppfylgjaren til *Godt vaksen*, som vart ein bestseljar i 2015. Kristian Hus skriv lett og godt. Han maktar utan for mange ord å få fram det sentrale i budskapet om livet til dei eldre og om kva som er god eldreomsorg no og i framtida. Kristen Børje Hus er fotografen. Boka har gode og skildrande bilete og er godt utfyllande til teksten. Format, design og typografien gjer at boka er tiltalende og god i hand og for auga. Vi er viss på at mange i Uskedalen straks vil gå i butikken og kjøpa boka. Olav Arne Ljosnes har glimt i auga, godt humør og seier mykje klokt som fortel oss at vi skal vera takksame for god helse og det livet vi lever.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristen Børje Hus